



Hå kommune
Postboks 24
4368 Varhaug

Kontakt saksbehandlar
Ivar Langvik, 51 56 88 46

Plan 1183 fritidsbustader reiselivsanlegg m.m. Vatnamotholmane og Tuen 86/7 m.fl. FV44 Nordsjøvegen, Tua - Holmane - trekking av motsegn

I brev av 19.10.18 vart planen sendt ut til offentleg ettersyn, som endring av eksisterande plan. I uttale av 17.12.18 hadde vi fagleg råd om at mønehøgde på 5 m blir vidareført. Fylkesmannen hadde motsegn til planen på grunn av uavklarte konsekvensar for den kritisk trua arten jærtistel. Kommunen måtte dokumentera at utviding av området ikkje får konsekvens for arten. Vi hadde også motsegn mot manglande vurdering av bølgepåverknad.

I e-post av 5.02.18 ber kommunen Fylkesmannen trekke motsegna. Det blir vist til at jærtistel ikkje finnast i planområdet, men det er også lagt inn krav i føreseggnene. Om bølgepåverknad er det lagt inn krav i føreseggnene om at «rom for beboelse eller varig opphold» ikkje skal ligga lågare enn kote 2,0. Ved søknad om byggeløyve skal det vere dokumentasjon på bølgepåverknad og avbøtande tiltak. I brev av 24.02.20 trekte Fylkesmannen motsegn til uavklarte konsekvensar for jærtistel. Vi noterer oss at fagleg råd om å redusera mønehøgda ikkje er følgt.

I e-post av 4.05.20 heiter det at områda BFT, FF-G1, FF-H10, FF-H11, FF-H12 og FF-H14 er tatt ut av planen.

Då Fylkesmannen ser at fareområde for stormflo er tatt ut av planen, trekkjer vi også motsegna mot manglande vurdering av bølgepåverknad.

Med helsing

Harald Thune
ass. fylkesmann

Jan Petter Stangeland
ass. avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent